

# ANDREAS HUNDVIN

**Mobilnummer** 416 68 247      **E-postadresse** andreas.hundvin@gmail.com

**Kontonummer** \*\*\*\* \*\* 81836

<b>Vedtaksdato</b>	<b>Vedtaket er gjort av</b>	<b>Søknadsdato</b>	<b>Vår referanse</b>
03.12.2021	Alver kommune	26.08.2021	2021/7440, Agros 161980

## **Vedtak om avslag på søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – Restaurering av gammal kulturmark**

**Samandrag:** Alver kommune har vedtatt å avslå søknaden.

Alver kommune viser til søknad av 26.08.2021.

### **Bakgrunn i saka**

ANDREAS HUNDVIN søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 26.08.2021. Du søker om totalt 64 660 kroner i tilskot for tiltak perioden 27.08.2021-26.08.2022. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 129 320 kroner.

Det er søkt om tilskot til restaurering av gammal kulturmark. Søkar ønsker å opparbeide ny veg, rydde skog og kratt og setje opp nytt gjerde på GBNR 56/9. Området er i dag klassifisert som skog, myr utan skog og jorddekt fastmark i følge gardskart. Delar av området har tidlegare vore innmarksbeite, overflatedyrka jord og fulldyrka jord i følge økonomisk kartverk.

Drifta på garden er grovförproduksjon for salg. Det er ikkje beitedyr på garden per i dag.

### **Grunngjeving for vedtaket**

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskrifta) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak der det går føre seg ein produksjon med rett til tilskot på eigedommen, og som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 2, og § 3 eller § 4.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også førast journal over plantevernmiddel som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Det er søkt om tilskot til å etablera ein veg inn til området for lettare drift av areala. Etablering av ein ordinær driftsveg er ikkje eit tiltak som fell inn under SMIL-ordninga.

Det er søkt om tilskot til restaurering av eit beitområde på om lag 25 daa. Av dette er om lag 7 daa opne flater per i dag. Økonomisk kartverk dokumenterer at dette arealet tidlegare har vore ein kombinasjon av overflatedyrka/ fulldyrka jord og innmarksbeite. Resten av arealet som det er søkt om tilskot til å setje i stand er i dag blanda skog. Noko er klassifisert som myr utan skog, men kommunen kan etter synfaring stadfeste at også dette arealet er prega av attgroing. Det er søkt om tilskot til å rydda denne skogen.

SMIL-ordninga dekker ikkje tiltak som gjeld etablering av beite i skog og utmark, med mindre lokaliteten er gammal kulturmark. For å kunne reknast som gammal kulturmark i denne sammanhengen må vegetasjonen bere preg av slått, beiting, brenning eller annan driftsform gjennom lang tid, jf. SMIL-forskrifta - kommentar til regelverk. Kommunen meiner at områda der det er søkt om å rydda skog ikkje kan klassifiserast som gammal kulturmark. Økonomisk kartverk syner at desse areala i all hovudsak har vore skog/myr/utmark i lang tid. Areala ber heller ikkje preg av slått eller beiting. Skogrydding på desse areala fell dermed utanfor SMIL-ordninga.

Dei opne areala som er omsøkt har tidlegare vore innmarksbeite/ fulldyrka/ overflatedyrka jord. Kommunen har synfart området og meiner at areala ikkje lenger har vegetasjon prega av slått eller beiting, men er prega av typisk myr-vegetasjon. Areala ber preg av stor trøng for dreneringstiltak. Ved prioritering av tiltak innanfor SMIL-ordninga skal kommunen ta omsyn til trøng for tiltak og forventa effekt. Kommunen meiner at tiltaka som er beskrive i søknaden (gjødsling, kalking, beitepussing, rydding av skog rundt flata og bruk som beite) ikkje vil vera tilstrekkeleg til å gje eit godt beite. For at dette skal ha ønska effekt bør arealet først drenerast. Det vil truleg og vere naudsynt med ei full omlegging med tilsåing av nytt grasfrø for å gje eit produktivt beite. Dette er tiltak som ikkje kan støttast gjennom SMIL-ordninga, men kommunen vil oppmoda til å søka på tilskotsordninga for drenering av jordbruksjord. Kommunen oppmodar og til å komma tilbake med ny søknad på tilskot til oppsetting av gjerde når arealet er drenert og fornya og det er kome beitedyr på garden.

## Klagerett

Du kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestland. Send klag til Alver kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestland dersom vi ikkje gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

## Meir informasjon

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing  
for Alver kommune

Saksbehandla av: Marie Victoria Rekdal Skogrand

Godkjend av: Laila Bjørge